

Norske turdansar

TURDANSAR FRÅ TRØNDELAG

Nyinnspeling av norske turdansar

I 1991 fullførde Noregs Ungdomslag sitt store revisjonsarbeid av Klara Semb sine bøker om norsk folkedans. Denne plata er den femte og siste i ein serie med norsk turdansmusikk som er bygd både på dette arbeidet, på tilgjengeleg kjeldemateriale og på nyare forsking elles. På same måten som under revisjonen av dansane har vi gått direkte attende til kjeldene og det dei kan seie oss. Musikken er samla geografisk med utøvarar som har tilknyting til desse tradisjonane. Desse platene er med i serien Norske Turdansar:

1. Kontradansar frå Austlandet
2. Turdansar frå Agder og Nord-Noreg
3. Turdansar frå Vestlandet
4. Turdansar frå Austlandet (dobbeltalbum)
5. Turdansar frå Trøndelag

Serien dekker no heile landet og musikken til alle turdansane i bøkene "Norske folkedansar, turdansar" (NF-tu) av Klara Semb og "Danse, danse lett ut på foten" (DDL) av Egil Bakka. Begge desse bøkene er mykje brukt i folkedansrørsla og har med turdansar frå heile landet. I bøkene finn du og noter.

Innspelingane er meint som rein bruksmusikk og som eit bilete på korleis denne musikken vart spelt, både i stil, rytme og tempo. Arrangementa går nok likevel i nokre høve noko ut over det vi har

direkte belegg for i tradisjonen.

Målsettinga er å gje folkedanslaga musikk til turdansane så nær tradisjonen som praktisk mogleg. Anten dei vil bruke innspelingane direkte til dans, som mal for å lære typiske stiltrekk betre å kjenne, eller berre å lytte til.

Det ligg såleis ikkje nokon pedagogisk tanke bak innspelingane i denne serien, korkje i tempo eller rytme. Sjølv om musikken også kan nyttast i opplæringa, er han ikkje i første rekkje tenkt til det.

Ein stor og varm takk til alle utøvarar, produsentar, formgjevarar og prosjektleiar for alt arbeid, kreativitet og fagkunnskap dei har lagt ned i prosjektet. Ein takk også til Rff-sentret for solid fagleg hjelp og støtte gjennom heile prosjektet og til alle som har støtta utgjevinga økonomisk.

Fond for utøvende kunstnere, Rådet for folkemusikk og folkedans, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Sør-Trøndelag Ungdomslag, Inntrøndelag Ungdomssamlag og Norsk kulturråd.

Noregs Ungdomslag

Litt om musikken

På same måten som turdansane, spenner turdansmusikken svært vidt. Han kjem frå mange ulike tidsperiodar og miljø, har utgangspunkt i fleire ulike musikksjangrar og har variert sterkt i "original" instrumentering. I dag brukar vi ordet turdans som ei samlenemning for dansar som ikkje heilt greitt hører til bygdedansen eller runddansen. Musikken til turdansane står på same måten heller ikkje fram som ei eiga klårt definert gruppe. Stil og instrumentering varierer frå menuett i klassisk stil til folkelege polsdansar.

Innspelingane tar alle utgangspunkt i ei instrumentering og ein spelestil vi kjenner frå tradisjonen. Arrangementa er nok likevel mange stader farga av folkemusikaren av i dag. Nokre av slåttane har vi henta frå bandopptak frå Rff-sentret, andre frå gamle notenedteikningar og frå Klara Semb sine originalmanuskript. Vi har berre i svært liten grad nytta opptak av spelemenn som har lært slåttane gjennom det organiserte folkedansarbeidet.

Vi vonar vi har fått fram både noko av originaliteten, mangfaldet og særtrekka som turdansmusikken frå Trøndelag representerer. For meir stoff om dansane og musikken viser vi til bøkene Norske Folkedansar, turdansar og Danse, danse lett ut på foten.

Dag Vårdal

Turdansar frå Trøndelag

1. Tridans frå Meråker (A)

Springar etter Harald Gilland, Meråker, NF-tu nr. 5.
(Geir Egil Larsen, meråkerklarinett)

2. Ril frå Selbu

Slåtten er henta frå ei handskriven notesamling etter Trond Knudsen, Trondheim. NF-tu nr. 20.
(Einar Olav og Vegar, fele og Hilde, piano)

3. Firetur frå Namdalen (A)

Vi har kjeda saman to firetur-slåttar, begge etter Johannes Moe (1851-1923) frå Overhalla, NF-tu, nr. 40 og NF-tu nr. 41.
(Einar Olav, fele og Vegar, piano)

4. Flaks frå Verdal

Galopp i B-dur etter Hilmar Alexandersen (1902-1993). Slåtten hadde han etter nabo og læremeister Johan Fornæss (1868-1916).
(Einar Olav Larsen trio)

5. Stakkars Per

Slåttestevet er henta frå samlinga "Folkemusikk i Trøndelag", band I, av Helge Dillan, Verdal.
(Koret saman med Einar Olav, fele, Audun, bass og Vegar, piano)

6. Tridans frå Meråker (B)

Springar etter Svend Gravåsen, Meråker. NF-tu nr. 4.
(Einar Olav Larsen, fele)

7. Hopser med vals

Slåtten er henta frå samlingane til Arne Bjørndal, Bergen, nr. 1769b, der han er heimfest til Trøndelag v/Th. Elnan. NF-tu, nr. 67.
(Einar Olav og Vegar, fele og Hilde, piano)

8. Firetur frå Namdalen (B)

Slåtten er teikna ned etter lydopptak av Johan Nagelhus (1885-1971) frå Overhalla. Nagelhus hadde slåtten etter Andreas Skogmo (1866-1926), også frå Overhalla. NF-tu nr. 43.
(Einar Olav, fele og Vegar, piano)

9. Seierstadhopsa (B)

Vi har kjeda saman tre feiarar (nr. 20, nr. 30 og nr. 1) frå den handskrivne noteboka etter Smed-Jens (1804-1888) frå Røros.
(Einar Olav og Vegar, feler)

10. Rilsett

Til dette settet med to rilslåttar som er kjeda saman kan ein danse fleire rildansar. Den første rilen er henta frå ei handskriven notesamling etter Trond Knudsen, Trondheim der han har tittelen Riil nr. 304.

Slåtten er på Agder kjent som Holtrilen. Den andre er ein ril frå Mausundvær på Frøya, teikna ned av Bjørn Aksdal etter lydopptak med Soffius Moslett Juliansen. NF-tu nr. 18.
(Einar Olav, fele, Vegar, piano og Audun på bass på den siste)

11. Sekstur frå Namdalen (A)

Vi har kjeda saman to variantar av same seksturslåtten. Den første i F-dur etter Paul Hildrum, Overhalla og den andre i D-dur etter Eigil Moe (son til Johannes Moe), NF-tu nr. 49.
(Einar Olav og Vegar, fele, Hilde, piano)

12. Seierstadhopsa (A)

Vi har kjeda saman to feiarar, begge etter Johannes Moe (1851-1923) frå Overhalla. NF-tu, nr 59 og NF-tu nr. 60.
(Einar Olav, fele og Vegar, piano)

13. Flaks frå Meråker

Ein frisk galopp etter Hilmar Alexandersen (1902-1993).
(Einar Olav Larsen trio)

14. Figaro frå Namdalen

Slåtten er henta frå ei lita notesamling etter Paul Hildrum, Overhalla der han har overskrifta ”Sekstur”. Se også NF-tu nr. 79.
(Einar Olav, fele og Vegar, piano)

15. Skåningen

Slåttestevet er henta frå samlinga ”Folkemusikk i Trøndelag”, band III av Helge Dillan, Verdal. Der har han namnet ”Du skåning”.
(Koret saman med Einar Olav, fele, Audun, bass og Vegar, piano)

16. Sekstur frå Namdalen (B)

Slåtten er etter Hilmar Alexandersen (1902-1993), Steinkjer. Slåtten er skriven ned på noter som nr. 4 i heftet ”20 valser etter Karl Fant” v/Sven Nyhus, Musikkhusets forlag A/S, Oslo 1988.
(Einar Olav og Vegar, fele)

17. Fandango

Slåtten er i form etter Johannes Moe (1851-1923) frå Overhalla, men har og vore mykje brukt i andre delar av landet. NF-tu nr. 70.
(Einar Olav, fele og Vegar, piano)

18. Klappdans frå Henning

Slåtten er henta frå NF-tu nr. 115 der han har namnet Klappdans. Vi har sløyfa repetisjonane for å få han til å passe til danseforma frå Henning.
(Einar Olav Larsen trio og Vegar, fele)

19. Honnfeiv

Denne varianten av "Soldiers Joy" er henta frå NF-tu nr. 31 og er transkribert av Bjørn Aksdal etter lydopptak med Johan Nagelhus (1885-1971) frå Overhalla.
(Einar Olav og Vegar, fele, Hilde, piano)

20. Hopser frå Ogndalen

Hopseren er teikna ned i 1968 etter tralling av Tella Bjerkrem frå Henning. DDL s. 187.
(Einar Olav Larsen trio og Vegar, fele)

21. Tillegg til Hopser frå Ogndalen

Hoppvalsen som kan dansast i etterkant av Hopser frå Ogndalen har vi etter Asbjørn Indahl (1912-1982) frå Verdal.
(Einar Olav Larsen trio og Vegar)

22. Ril frå Oppdal

Denne slåtten er komponert av Olav Ivar Rise (f. 1912) og var fyrste gong trykt i Norsk Ungdom nr. 9 1965. NF-tu nr. 29.
(Vegar og Einar Olav, feler)

Litt om utøvarane

Einar Olav Larsen (fele)

Einar Olav frå Verdal er hovudutøvaren på plata. Han kjem frå ein sterk folkemusikk-familie der både faren Geir Egil og broren Gjermund er profesjonelle folkemusikarar. Han er utdanna ved bl.a. Ole Bull Akademiet på Voss og er i dag ein mykje brukt og allsidig folkemusikar som også har spelt mykje til dans. Einar Olav har tatt opp arven etter den kjende spelemannen Hilmar Alexandersen frå Steinkjer. Han har sin eigen trio og er m.a. med i P.A. Røstads orkester.

Vegar Vårdal (fele og piano)

Vegar er folkemusikar og dansepedagog av yrke og er utdanna ved Norges Musikkhøgskole og NTNU/RFF-sentret i Trondheim. Han har lang røynsle i å spele til dans, har bak seg ei rekkje plateinnspelingar, program på radio og fjernsyn, konsertar og turnear. Vegar er og mykje brukt som instruktør på kurs i spel og dans. Han har vore med på alle platene i denne serien, både som produsent og musikar.

Hilde Sørnæs (piano)

Hilde har folkemusikkutdanninga si frå Rauland og Universitetet i Oslo og har vore med på ei rekkje plateinnspelingar, bl.a. i denne serien. Saman med m.a. Christiania Thour- og Runddansensemble har ho lang erfaring i å spele til dans.

Einar Olav Larsen trio

Med i trioen er:
Einar Olav Larsen, fele
Daniel Trustrup Røssing, piano
Audun Larsen, bass

Ei viktig inspirasjonskjelde for trioen er felespelaren Hilmar Alexandersen (1902-1993) og samarbeidet hans med pianisten Sturle Hallås (1913-1997). Dei to spelte saman i over 20 år til fest og bryllaup på Innherred og utvikla eit rikt og særprega repertoar.

Koret:

Peter Sigurd Snekkvik Tromsdal, Brit Flatås, Eivind André Flatås Østnes, Ellev Kristoffer Flatås Østnes, Jenny Hofstad, Torfinn Hofstad, Ingrid Sten, Ingrid Hojem, Ingvild Larsen, Sofie Larsen, Dag Ståle Larsen.
Leiar: Geir Egil Larsen

Andre:

Geir Egil Larsen
(meråkerklarinett)

Andre opplysningar

Dansar, litteratur og bakgrunnsstoff:

Semb, Klara: Norske Folkedansar, turdansar (NF-tu).

Det Norske Samlaget, 1991.

Bakka, Egil: Danse, danse lett ut på foten (DDL).

Noregs Boklag, 1970.

Arrangement:

Alle arrangement er gjort av utøvarane.

Andre opplysningar:

Fagleg ansvarleg: Dag Vårdal

Produsent: Vegar Vårdal

Prosjektkoordinator: Synnøve Jørgensen

Opptaka er gjort hausten 2011 i:

Parachute Studio, Oslo med Roar Nilsen som teknikar.

Lydhagen, Verdal med Tony Waade, Audun og Einar Olav som teknikarar.

Miks og mastering: Lydlåven, Hallingdal v/Tor Magne Hallibakken.

Framsideteikning og vignett-teikningar: Ole Ekornes

Omslagstekst: Dag Vårdal

Grafisk formgjeving: Tina Jerstad

Foto, omslag: Daniel Heggelid-Rugaas

HCD 7266
Total speletid: 62:55

℗ 2012 Grappa Musikkforlag
© 2012 Noregs Ungdomslag

info@grappa.no
www.grappa.no
www.ungdomslag.no

Einar Olav Larsen, Vegar Vårdal m.fl.

HCD 7266